

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

**Terje Søviknes** sette fram slikt forslag:

"Alternativt forslag:

Hordaland fylkeskommune går inn for ein 2-nivå modell med primærkommunar og staten for framtidig organisering av forvaltninga i Norge."

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Tillegg til punkt 1:

Nærleiksprinsippet skal ligge til grunn for all forvaltning slik at avgjerder vert tekne på eit så lavt nivå som mogeleg."

### Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå samferdselsutvalet til grunn for røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkolleget 5.12.2014 og vedtak i KS hovudstyre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport «Nye folkevalte regioner - mål, prinsipper og oppgaver» (datert 8. desember 2014), og tilrår at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevald nivå:

1. I Norge er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring som kan ta ein regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
2. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåvane/sektorane som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvane med kommunane og staten si verksemeld i regionen. Det regionale folkevalde nivå styrker demokratiet og inneber maktspreiing.
3. Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriel detaljstyring. Oppgåver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalde regionar i samhandling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.
4. Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevald nivå.
5. Folkevalde regionar bør få overført oppgåver frå staten til dømes innanfor følgjande område:
  - a. Statens vegvesen sitt regionapparat/fylkesavdelingar
  - b. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
  - c. Kjøp av regionale jernbanenester
  - d. Delar av Forskningsrådet sine program
  - e. Konsesjonsoppgåver og rettleatingsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvalting av regional karakter
  - f. Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
  - g. Miljø/klima
  - h. Landbruk
  - i. Prosjektskjønnsmidlar

Mange oppgåver er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samanheng med framtidige endringar i kommunestruktur.

6. Staten bør som hovudregel organisere verksemda si slik at den korresponderer med den folkevalde regionstrukturen som blir etablert.
7. Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.
8. Alle avklaringar som gjeld det folkevalde regionale nivået må skje parallelt med tilsvarende avklaringar knytt til kommunestrukturen, jamfør Stortinget sine føresetnader av juni 2014. Med dette som utgangspunkt, ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert lagt fram våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsippa som ligg i dette vedtaket.
9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalde nivået bør starte i det enkelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.
10. Fylkesordførar-/rådsleiarkolleget føreset at både fylkeskommunane og KS vert trekte aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal ligge til det regionale folkevalde nivået.